

Felles satsing på mineralturisme i Iveland og Evje og Hornnes:

6 gruver har gått saman


Seks gruver i Iveland og Evje og Hornnes har gått saman i Setesdalsgruvene. Saman vil dei satse på å utvikle mineral som turisme.

Tekst og foto:
Ørjan Hatteberg

I Iveland og nabokommunen Evje og Hornnes finst det 300-400 større eller mindre brot eller gruver. No har Slobrekka, Solås, Knipane, Litjern, Steli og Evje mineralsti slått seg saman i det dei kallar Setesdalsgruvene.

– Meininga er å få til felles marknadsføring, og gje idear og oppbaking. Det er alles ønske at dette skal løfta oss vidare, seier Kjell Gunnufsen, mineralansvarleg i Iveland kommune.

Kommunane har gått inn saman med Evje utvikling og satsa på å utvikle gruvene til turisme. I tillegg har det vore gjort mykje på dugnad. Fram til no har mykje av arbeidet vore å få dei ulike gruvene i ein slik stand at dei kan ta imot turistar. Det



Dei fleste gruvene er ikkje djupe og smale gruvegangar som mange kanskje trur. Ofte er det steinbrot som ligg i dagen og enkelt tilgjengelig, slik som her på Slobrekka.


har variert frå gruve til gruve kor mykje som måtte gjerast.

Alle dei seks gruvene har no blitt fiksa opp slik at dei er sjølvbetjente. Dei besøkjande får informasjon om kor dei ulike gruvene er, og betaler for seg i boksar i gruvene. Det er kvar enkelt grunneigar som står for drifta, og dei har valt ulike løysingar og prisar.

Setesdalsgruvene blei opna for publikum denne sommaren, og det har vore ein god del folk i gruvene.

– Vi har eit langt stykke igjen å gå med marknadsføring. Mellom anna må vi få laga brosjyremateriell og få til betre skilting frå hovudvegen til gruvene, seier Gunnufsen.

Det finst 115 ulike mineral i området Iveland-Evje. Mesteparten er



Torleif Frøyså (t.h.) eig Slobrekka gruve på Frigstad i Iveland. Han er ein av dei seks som har gått saman i Setesdalsgruvene om felles marknadsføring om turisme. Her viser han Bjørn Thortveit frå Sørlandets geologiforening rundt i gruva.

kvarts, feltspat og glimmer. Årsaka til at dette området er så interessant for geologar, er at magmaen størkna veldig seint her, slik at det blei danna store pegmatittgangar med mange spennande mineral. I tillegg har istida si del av æra, fordi fjellet blei slipt ned, slik at det vi i dag ser er det som ein gong var langt inne i fjellet.

Torleif Frøyså, som eig Slobrekka gruve på Frigstad, er ein av dei som er med i Setesdalsgruvene. Han har god tru på at når alle samlar seg så vil det koma fleire på besøk. Frøyså har alt hatt ein del besøk i gruva, men reknar med det store innrykket først kjem når tilbodet har fått tid til å bli kjent i miljøet.

Deler av mikromineralsamlarelisten møttest i Iveland:

Stort potensiale til å oppdage nye mineral

IVELAND: Då norske mikromineralsamlarar skulle møtast for første gong, så var det Iveland som blei åstaden. Sist helg vart det difor mykje studering av ørsmå steinar gjennom mikroskop på Frigstad. Iveland kommune sin mineralansvarleg, Kjell Gunnufsen, og leiaren av treffet, Kjell Myre, trur det kan finnast fleire uoppdaga mineral i området Iveland-Evje.

Tekst og foto:
Ørjan Hatteberg

Mikromineralsamlarane hadde arbeidsseminar på Rogdevollen gård på Frigstad med om lag 15 av landets fremste på området. Dette var første gong dei samla seg for å utveksle erfaringar. Samtidig fekk dei sjå kva Iveland kan by på for geologiinteresserte.



Kjell Myre leia mikromineral-treffet i Iveland.

Ørsmå mineral

Mikromineral er mineral som er så små at du vanskeleg kan sjå dei med det blåtte auge. Desse har blitt danna på store djup under ekstremt sterkt trykk og høg temperatur. Prosessen minner om korleis iskrystall blir danna, berre at det går mykje tregare.

Av dei 4000 kjente minerala i ver-



Kjell Gunnufsen (stående til høgre), ivrig mineralforkjempar i Iveland, trur sjansane er gode til å oppdage nye mikromineral i Iveland og Evje om du tek deg tid til å leite. Frå venstre: Torjus Evelid frå Vatnestrøm, Hermann Fylling frå Oslo, Bjørn Skaar frå Reinsvoll, Ronald Werner frå Evje, Knut Edvard Larsen frå Sandefjord (leiar av amatørgeologiforeningane i Norge) og Peter Andresen frå Skien.

da så er det berre 800 som har krystall som er så store at du kan sjå dei utan lupe. Dermed er det eit stort fleirtal av mikromineral, og ein veit at det også finst mange som enno ikkje har blitt oppdaga.

I området mellom Iveland og Evje har det ikkje blitt gjort noko særleg leiting etter mikromineral. Difor trur Kjell Gunnufsen at det kan finnast ukjente typar her.

– Det blei funne eit nytt mineral i Slobrekka for eit par år sidan i samband med mineralmessa i Iveland. Dersom nokon leitar, er det stort potensiale for å finne nytt her i områ-

det, meiner Gunnufsen og Myre.

Vil spre ordet om Iveland

Kjell Gunnufsen trur at når så mange sentrale personar i miljøet har vore i Iveland, så vil dei snakke om dette og spre det vidare ut over landet.

Ordførar Ole Magne Omdal synest det er moro for kommunen at dei får ei slik samling.

– Mineral er det kommunen verkeleg kan profilere seg på. Difor er det fint at det kjem så mange kapasitetar hit. Dette er noko vi ønskjer meir av, seier Omdal.

Tiltak for nynorske lærebøker som kjem for seint

Med innføringa av Kunnskapsløftet har det kome fram at ein god del lærebøker fyrst vil ligge føre ut på hausten. Problema er størst for nynorskelevane, då desse bøkene vanlegvis blir produserte etter bokmålsbøkene. No har Utdanningsdirektoratet, Forleggerforeningen, Noregs Mållag og Norsk Målungdom blitt einige om tiltak for at dette skal få minst moglege konsekvensar for nynorskelevar.

Elevane skal kunne laste ned dei to fyrste kapitla av bøker (både nynorsk og bokmål) der boka ikkje er klar. Dersom skulen har bøker på boklista som ikkje er blitt utgjevne enno, kan skulane undersøkje med forlaget om det finst ei pdf-fil, og kor elevane kan laste ho ned. Det andre tiltaket er at nokre forlag også vil kunne tilby elevane eit gratis innbyte frå bokmål- til nynorskutgåve så snart denne er klar for sal i bokhandelen. Her må det aktuelle forlaget kontaktast på førehand for å godkjenne ein slik avtale.

– Me er glade for at forlaga gjer sitt til at situasjonen blir best mogleg for nynorskelevane, og håper at skulane er medvitne om ansvaret sitt og hjelper elevane til å skaffe seg lærebøker i løpet av hausten, seier Gro Morken Endresen, dagleg leiar i Noregs Mållag.



Biletet viser eit utsnitt, sett gjennom mikroskop, på om lag 4 mm frå ein stein med små muskovittkrystall som veks på nåler av svart turmalin. Steinen er frå Solås gruve i Iveland. (Foto: Kjell Gunnufsen)